

LEIGEAVTALE FOR KOMMUNALT KONTOR I KONTORBYGGET PÅ MATRE

Utleigar: Masfjorden kommune

Leigar: Gulen og Masfjorden Utvikling AS

1 Leigeobjekt:

Avtalen gjeld leige av eitt kontor i kontorbygget på Matre. I tillegg vil leigetakar kunne forhandstinga ledige møterom i bygget etter nærmare avtale med Masfjorden kommune. Kontoret vert leigd ut umøblert. Det vert vist til planskisse dagsett 13.03.2017 som viser kontoret merka med gult.

2. Leigeperioden

Leigeperioden er frå og med 1. mars til og med 31.12.2017. Leigeperioden kan forlengast etter avtale om begge partane ønskjer dette.

3. Kostnader knytt til vask, straum og nettleige

Leigar betalar krone 750,- per måned for reinhald, straum og tilgang til breidband. Utleigar tek ikkje husleige utover dette, jf. vedtak i formannskapet den 09. februar. Kommunen fakturerer leiga den 20. kvar måned, med 14 dagars frist for betaling.

4. Oppseiingstid og oppseiing

Kvar av partane kan sei opp leigeavtalen med 1 månaders varsel.

Administrasjonen ved rådmannen, kan sei opp husleige kontrakten dersom betaling av husleiga uteblir. Oppseiingstida vil då og vera ein måned.

5. Ved utflytting

Når leigetakar skal flytta ut skal utleigar og leigetakar gå gjennom kontoret for å kontrollera tilstanden. Ein ser då bort frå vanleg slitasje. Dei to tildelte nøklane skal då kvitterast tilbake til utleigar.

6. Tilhøve til Gulen og Masfjorden Næringshage AS

Leigetakar har fullmakt til å låna kontoret vidare til Gulen og Masfjorden Næringshage AS.

7. Ansvar for eigedom m.v.

Leigetakar og andre som nyttar kontoret/lokalet i lag med denne har ansvar for sine eigendeler og sitt eige utstyr, som til dømes kontorutstyr, PC, klede m.v.

Underskrivne leigar og utleigar er kjende med og godtek denne avtalen som er utfylt i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

Masfjordnes, 22/4.2017

Sløvåg, 15 /03.2017

UTLEIGAR:

MASFJORDEN KOMMUNE

Sveinung Tøft
.....
Org. Nummer: 945627913

LEIGETAKAR:

Gulen og Masfjorden Utvikling AS

Solveig D. Kristiansen
.....
Org. Nummer: 992971118

Vedlegg: Planskisse dagsett 13.03.2017

